

Reinheimen

-

Bestillingsdialogen med SNO.

Prosjektomtale 2012



**Behandla i Kontaktutvalet for Reinheimen  
19.12.2011**

## **Forord**

Forvaltningsstyresmakta (FM) og (SNO) gjennomfører årleg ein bestillingsdialog for utgreiing og prioritering av skjøtsels- og informasjonstiltak i verneområda i Reinheimen.

Gjeldande prosjekttomtale dannar eit grunnlag for Kontaktutvalet for Reinheimen (KUR) sin søknad om tiltaksmidler for 2010.

Prosjekttomtale er utarbeidd av nasjonalparkforvaltaren etter møte med administrativ faggruppe 10.10.11 og 16.11.11.

Bestillingsdialogen for Reinheimen fekk tilslutning frå Kontaktutvalet for Reinheimen i møte 19.12.11.

*Lesja, den 20.12.11*

*Trond Stensby  
nasjonalparkforvaltar*

## Innhald

Forord .....	2
Innhald.....	3
1. Innleiing .....	5
1.1 Roller.....	5
1.2 Definisjonar .....	6
1.3 Overordna prioriteringar (DN) .....	7
2 Bestillingsdialogen .....	9
3 Avslutta og vidareførte tiltak 2011.....	11
4 Nye tiltak 2012 .....	13
4.1 Skjøtselstiltak (S) .....	13
4.1.1 Skjøtselstiltak i Romsdalen landskapsvernområde .....	13
4.2.2 Skjøtselstiltak i Finndalen landskapsvernområde .....	14
4.2 Informasjonstiltak (I).....	14
4.1.1 Formidling – om verneområda, natur og kultur – om forvaltning av areal i verneområda.....	14
4.3 Tilretteleggingstiltak (T) .....	16
4.3.1 Stig frå Slettvikane til Kulå.....	16
4.4 Tiltak for å bekjempe fremmede arter (F).....	16
4.4.1 VV00002447 Vidareføring av bekjemping av parkslirekne på Gravdehaugen (Romsdalen LVO) .....	16
4.4.2 VV00002446 Reinheimen - Revegetering av grustak Billingen.....	17
4.5 Andre tiltak (A) .....	17
4.5.2 Restaurering av steinbuer i fjellet nord for Finndalen.....	17
4.5.3 Sanitæranlegg ved Billingen .....	20
5 Prioriteringar nye tiltak .....	22
5.1 A-skjema .....	22
5.2 B-skjema.....	22
5.3 C-skjema.....	23
6 Reinheimen - bestillingsdialogen 2012 - søknad om overføring av restmidlar etter fullførte tiltak .....	24
Vedlegg .....	26
1. Rekneskapsutskrift ufordelte tiltaksmidlar.....	26

2. Rekneskapsutskrift Naturstig Finndalen .....	27
3. Rapportering for gjennomførte tiltak i Norddal kommune 2010/2011 .....	28
4. Gjennomførte informasjonstiltak i Rauma 2011 .....	30
5. Gjennomførte informasjonstiltak i Lesja.....	31

# 1. Innleiing

## 1.1 Roller

Av DN sitt **delegasjonsbrev** til kommunane i Reinheimen (dagsett 13.08.07) går det m.a. fram følgjande:

*”Kommunen kan i tillegg til dei ramma som blir gitt til utøving av forvaltningsmynde frå DN, søke om økonomiske løyvingar til tiltak i verneområda inannfor dei rammene som kvart år vert fastsett av Stortinget. Det må etablerast nær dialog med SNO om dette.”*

Vidare går det fram av brevet:

”

- *Skjøtsel og tilrettelegging*  
*Som forvaltningsmynde skal kommunen vurdere behov og naudsynt gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging bør gå inn i ein godkjend forvaltningsplan.*

*Gjennomføring av skjøtels og tilretteleggingstiltak avtalast med SNO gjennom ein bestillingsdialog som SNO vil orientera nærare om. ...*

- *Merking og informasjon*  
*Kommunen har ansvar for naudsynt merking og vedlikehald av merkinga i verneområda. Første gongs merking må samordnast for heile området og vert dekkja av DN etter nærare avtale.*

*Som forvaltningsstyresmakt skal kommunen vurdere behovet for særskilde informasjonstiltak. Kommunen har og ansvar for kontakt med grunneigarar, rettshavarar, brukarar, aktuelle lag og organisasjonar mv.”*

Av samarbeidsavtale for **KUR** heite det m.a. at KUR skal *”samordne og fordele økonomisk verkemiddel som blir tilført verneområdet.”*

I avtala heiter det også:

### **”§ 10 Administrativt fagutvalg**

Det skal opprettast eit fagutvalg med 1 representant frå kvar kommune, samt sekretæren for KUR. Sekretæren for KUR kallar inn til møte.”

## **1.2 Definisjonar**

(etter DN - Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder Notat 2007- 1)

Nedanfor følgjer definisjonar av ein del omgrep som DN har omtalt i sitt notat 2007-1:

### **Forvaltning av verneområde:**

Det totale arbeidet med å forvalte et verneområde omfattar:

- forvaltningsmyndighetutøving i form av forvaltnings-/skjøtselsplanlegging, saksbehandling etter verneforskrifter og rapportering,
- praktisk forvaltning som informasjon, overvaking, registreringar og gjennomføring av fysiske tiltak som er nødvendig for å ivareta eller fremme verneformålet eller opplevingsverdien. I tillegg kommer tilsyn med verneområde, der aktivitetane som er nemnd før er tatt inn i ”det utvida oppsynsomgrepet” i naturoppsynsloven.

### **Forvaltningsplan:**

Plan for forvaltning av eit eller fleire verneområde. Ein forvaltningsplan kan innehalde både ein presisering av verneforskrifta, retningslinjer for dispensasjonspraksis og bruk av området, definerte forvaltningsmål og plan for nødvendige og/eller ønska tiltak. Ein forvaltningsplan kan innehalde ein eller fleire typar tiltaksplanar:

- Bruks- og driftsplan: Plan over rettshavarane sin bruk og/eller ulike tilretteleggings- og informasjonstiltak.
- Skjøtselsplan: Plan for dei skjøtselstiltak som må/bør gjennomføres for å oppretthalde verneverdiane og naturtilstanden som er definert i verneformålet.
- Plan for overvaking og/eller forskning.

### **Forvaltningstiltak:**

Tiltak initiert av forvaltningsmyndigheita, som er nødvendig for å fremme eller opprettholde verneverdiane, herunder å styre bruken av områda. Det kan f.eks. være skjøtsel, restaurering, rydding, kanalisering/ tilrettelegging eller informasjonstiltak av ulik art.

#### **Skjøtsel:**

Aktive tiltak vanlegvis på økologisk grunnlag som gjennomføres for å oppretthalde og/eller utvikle ein ønsket naturtilstand i et område. For verneområde vil det være viktig å ta vare på den naturtilstanden som er definert i verneformålet. Ulike typar verneområde har behov for ulike typar skjøtselstiltak, og det er viktig å ta utgangspunkt i den tidlige bruken av området. Skjøtselstiltak kan for eksempel være restaurering, rydding, tynning, styving, hogst, beiting, slått og brenning.

#### **Tilrettelegging:**

Fysiske tiltak som gjennomføres for å styre/lede ferdsla i et verneområde, tiltak for å lette tilgjenge eller auke opplevingsverdien (f.eks. fugletårn), og tiltak ved f.eks. innfallsporter, mye brukte rasteplassar eller liknande. Informasjonstiltak inngår ofte som ein del av et tilretteleggingstiltak.

#### **Informasjon:**

Det kan skillast mellom uteinformasjon som infotavler og –skilt, og anna informasjonsmateriell i felt, samt kart, brosjyrer og hefter. (Informasjon i naturinformasjonssenter, bøker eller andre medium inngår ikkje i det vi i samanheng med tiltakspostane på kap. 1426 legger i informasjonssomgrepet).

#### **Overvaking:**

Måling og vurdering av tilstanden til verneformålet (arter, naturtypar, geologi), ut frå førehandsdefinerte bevaringsmål. I tillegg til dette vil både registrering av de påverknadar som skjer i verneområde (bruk og inngrep) og effektar av de forvaltningstiltak som iverksettast høre inn under overvaking.

### **1.3 Overordna prioriteringar (DN)**

I ”Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder”, notat 2007-1. skriv DN:

#### **A. Overordnet prioritering av verneområder**

*”Ved fordeling av tiltaksmidler vil de nedenfor nevnte områder gis prioritet.*

*Høyest prioritet:*

- *verneområder med direkte trua naturtyper eller rødlistearter*

*Andre prioriterte områder:*

- *verneområder av spesiell internasjonal verdi og utpekte nasjonale typeområder (se under)*
- *nye store verneområder og verneområder med stor bruksintensitet*
- *øvrige trua verneområder*
- *andre verneområder der tilretteleggingstiltak er nødvendig for å minske negative effekter av ferdsel og for å fremme framkommelighet og opplevelsesverdien.”*

### **B. Prioritering av skjøtsel**

*”Skjøtselstiltak bør prioriteres i følgende områder (listen er i uprioritert rekkefølge):*

- *verneområder med nasjonalt truede eller sårbare naturtyper som er skjøtelsavhengige*
- *verneområder som inneholder rødlistearter som står i fare for å forsvinne fra området dersom det ikke blir gjennomført skjøtselstiltak*
- *verneområder med natur- og kulturlandskapsverdier som er typiske, eller representative, for en region*
- *verneområder av spesiell internasjonal verneverdi.”*

### **C. Prioriterte tilretteleggings og informasjonstiltak**

*”Skjøtselstiltak bør prioriteres i følgende områder (listen er i uprioritert rekkefølge):*

- *verneområder med nasjonalt truede eller sårbare naturtyper som er skjøtelsavhengige*
- *verneområder som inneholder rødlistearter som står i fare for å forsvinne fra området dersom det ikke blir*



*gjennomført skjøtselstiltak*

- *verneområder med natur- og kulturlandskapsverdier som er typiske, eller representative, for en region*
- *verneområder av spesiell internasjonal verneverdi.*”

## **2 Bestillingsdialogen**

SNO har laga eit opplegg for bestillingsdialogen som deler verksemda inn i 3 kategoriar:

- A. SNO sine kjerneoppgåver (pålagde oppgåver)
- B. Oppgåver som SNO kan ta på seg (”kan”-oppgåver)
- C. Skjøtsels og informasjonstiltak

SNO har omtalt bestillingsdialogen i 2 notat:

- Notat (01.11.11) – opplegg for gjennomføring av bestillingsdialog mellom FM/ nasjonalpark-/verneområdestyrer og SNO for 2012
- Opplegg for bestillingsmøter mellom nasjonalpark-/ verneområdestyrer og SNO lokalt


Notata følgjer som vedlegg til sak om bestillingsdialogen.

### **Det sentrale i opplegget er:**

1. Drøfte og avtale konkrete bestillinger hvor SNO lokalt eller SNOs deltidspersonell/ lokale tjenesteaktør påtar seg feltoppgaver som FM ønsker å få utført.
2. Drøfte og avtale opplegg for prioritering og gjennomføring av tiltak i verneområder. På basis av dette utarbeider FM nødvendig bakgrunnsmateriale for eget fylke som oversendes SNO sentralt som underlagsdokument for fordeling og endelig tildeling av tiltaksmidler – postene 1426.30 og 1426.31.
3. Avtale hvem som skal utføre de konkrete tiltakene i de prioriterte verneområdene etter at tildeling av budsjettmidler har funnet sted (føres opp i kolonne ”gjennomføres av/via”).
4. Avtale rapporteringsformer- og tidspunkt ift de konkrete bestillingene.

*Gjennomføring av bestillingsdialogen mellom FM og SNO*

- *Årshjulet – en veiledende tidsplan for hva som skjer når*



Det er vidare sett opp eit kodeverk for skjøtsels- og informasjonstiltak i.f.t. ivaretaking av verneverdiane (SNO, 17.10.08):

*” innmeldte tiltak over postene 1426.30 og 1426.31.1 skal fra og med 2009 klassifiseres i forhold til type tiltak – dvs hvorvidt det dreier seg om skjøtsels- (S), informasjons- (I), tilretteleggings- (T), kulturminne- (K), tiltak for å bekjempe fremmede arter (F) eller andre tiltak (A). Dersom et tiltak faller innenfor flere av disse kategoriene skal det markeres for samtlige av de kategoriene tiltaket faller innenfor. Uthogging av sitkagran i et edelløvskogsreservat kan brukes som et eksempel, og må markeres som S/F.”*

### 3 Avslutta og vidareførte tiltak 2011

ID-omr.	Tiltak	Tildelt	Forbruk	Rest KUR	Rest kommune	Søknad utsett frist – overføring av midlar	Rapport / vedlegg
VV00002446;	Overført frå tidlegare år KUR	37652	8394	29258	-	X	Midlane er brukt på trykking av nasjonalparkplakatlar for oppsetting på hyttene til ÅST/DNT (kr 8200) og rydding på Breistulen i Finndalen LVO (kr. 194).
VV00002442	Ufordelte tiltaksmidler	40000	40194	0	-	X	Midlane er bruk på rydding og bortkøyring av einer på ei gamal innhegning på Breistulen i Finndalen LVO. Innhegninga er av både kulturhistorisk og landskapsmessig verdi. Det er også påført noko masse til avkøyring ved eit infopunkt i Finndalen LVO. (1)
VV00002446	Reinheimen - Informasjonsportal for Reinheimen på Dønfoss i Skjåk - innfallsport til nasjonalparken	100.000	0	100.000	-	X	Arbeid med prosjektet er i gang, men det er postert utbetalingar i 2011.
VV00002442	Naturstig Finndalen	93.000 + 57.220	68.860	24.140	57.220	X	I 2011 er det gjennomført fleire tiltak: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ oppsett 9 informasjonstavler,</li> <li>▪ merka naturstig Klympen,</li> <li>▪ merka stig til kulturminne tjøremila. (2)</li> </ul>
VV00002446	Reinheimen - Revegetering av grustak	30.000	30.000	-	-		Jf årsrapport frå SNO-lokalt

	Billingen						
VV00002443	Infotavle Aursjoen	70.000	60.185,5	-	9814,50	X	Inga endring
VV00002446; VV00002445; VV00002448;	Infotiltak Norddal	150.000	127.325	-	22.675	X	3
VV00002446; VV00002445; VV00002447;	Informasjonstiltak Rauma	170.900	89.280,32	-	81.619,68	X	4
VV00002444;	Infotiltak Nyseter*	155.000	57.585,80	-	43.931	X	5
VV00002446;	Infotiltak Fauttjønn*	90.000	122.326	-	0		5
VV00002446; VV00002444	Infotiltak Asbjørnsdalen *	25.000	25.000	-	0		5

\*Bruken av midla for desse tre tiltaka er samordna. Rekneskapen er p.t. ikkje gjort opp.

## 4 Nye tiltak 2012

### 4.1 Skjøtselstiltak (S)

#### 4.1.1 Skjøtselstiltak i Romsdalen landskapsvernområde

I Romsdalen landskapsvernområde er det utarbeidd skjøtelsplan for Gravdehaug, ein lokalitet med slåttemark. Her er det inngått avtale med grunneigar om skjøtelsmessig drift av arealet.

I tillegg er det i 2011 ved hjelp av firma Bioreg AS gjort ei nykartlegging av fire andre lokalitetar (Kabben, Horgeheimsætra, Sjugurdgarden og Selen) Det vil bli utarbeidd skjøtelsplan for Romsdalen landskapsvernområde primo 2012. Sjugurdgarden låg delvis innanfor og delvis utanfor vernegrensa, og er ved grensemerking såleis lagt utanfor verneområdet. Dei 3 andre lokalitetane er aktuelle for skjøtsel. Det vil delvis vera beite, og delvis restaurering av areal. I samband med beite vil det vera aktuelt å kjøpe inn eit elektrisk gjerde med solcellepanel. Lokalitetane er anten slåttemark eller naturbeitemark av A- og B-verdi.

I samråd med lokalt SNO er det lagt til grunn bruk av 2 vekeverk frå lokalt SNO til skjøtselstiltak i 2012. I tillegg legg ein opp til ei vidareføring av skjøtelsavtale inngått mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og grunneigar i Gravdehaug.

I samband med bruk av beiting som restaurerande tiltak er det nytting med bruk av flyttbare elektriske gjerder med solcelle panel. Innkjøpspris er ca 1500 kr / 50 m.

Elles er det gjort ei førebels vurdering av skjøtelsbehovet i tabellen nedanfor:

Verneområde	Lokalitet	Skjøtsel	Einingspris	Einingar	Nemningar	Kostnad
Romsdalen	Gravdehaug	Slått	1600	4,4	daa	7040
Romsdalen	Gravdehaug	Rydde kratt ved jernbanelina				
Romsdalen	Gravdehaug	Hogst av tre ved elva				
Romsdalen	Kabben	Beite		75	daa	10000
Romsdalen	Kabben	Restaurere	2250	10	dagsverk	22500
Romsdalen	Horgheimsætra	Gjerde	80	720	m	57600

Romsdalen	Horgheimsætra	Beite		30	daa	10000
Romsdalen	Selen	Slått	1600	8	daa	12800
Romsdalen	Selen	Restaurere	2250	3	dagsverk	6750
<b>Sum skjøtsel</b>						<b>126690</b>

#### 4.2.2 Skjøtselstiltak i Finndalen landskapsvernområde

I Finndalen landskapsvernområde vart det i 2011 ved hjelp av firma Miljøfagleg Utredning AS gjennomført ei nykartlegging av biologisk verdifulle lokalitetar. Ei vurdering i rapporten gjev at det er behov for skjøtselstiltak på område med naturbeitemark langs Finna og ein attgrodd lokalitet med naturbeitemark nord for Sterringen. Det er også registrert skjøtelsbehov på slåttemark Sterringen og naturbeitemark ved Klomsro. Det vil bli utarbeidd skjøtelsplan for Finndalen landskapsvernområde primo 2012.

I samråd med lokalt SNO er det lagt til grunn bruk av 1 vekeverk frå lokalt SNO til skjøtselstiltak i 2012.

I samband med bruk av beiting som restaurerande tiltak er det nytting med bruk av flyttbare elektriske gjerder med solcelle panel. Slike er å få kjøpt for ca 1500 kr / 50 m.

### 4.2 Informasjonstiltak (I)

#### 4.1.1 Formidling – om verneområda, natur og kultur – om forvaltning av areal i verneområda

Norsk Fjellmuseum – Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter ønskjer å gjennomføre følgjande prosjekt:

##### Mål

Inspirere og engasjere med kunnskap om verneområda våre.

Unik formidling i museet og på nasjonalparksenteret - to moglegheiter:

Utvikle behovsorientert dvs. målretta formidling i forhold til f eks. skolens lærarplanar, men som målgruppa ikkje har rom, roller eller kompetanse til å utføre sjølv. Formidling innafor museets og nasjonalparksenteret sin tematikk som er så sterkt knytt til museet/nasjonalparksentert/verneområda som arena eller som kompetanseverksemd at det "berre" er der dette kan gjennomføres.

**Autorisasjonsavtala mellom DN og Nasjonalparksenteret Norsk Fjellmuseum:**

*Nasjonalparksentrene har eit særleg ansvar for informasjon og formidling knytt til nasjonalparkane/naturvern og friluftsliv. Stimulere til miljøvennleg friluftsliv gjennom aktivitet og vegleiing. Formidle kunnskap om natur – og kulturverdiar i regionen. Tilby organiserte turar og aktivitetar inn mot nasjonalparken og i området. Leggje til rette for naturvegleriing, aktivitetar og naturstig for barn og unge.*

### **Forprosjekt informasjonstiltak i Reinheimen:**

Eitt av måla: *Planleggje formidlingsstrategi som formidlar kunnskap om natur og kultur i verneområdet, og som også er retta mot barn og unge.*

### **Målgruppe**

Hovudmålgruppe er elevar og lærarar i skulen frå 4. klasse og oppover.

Kan tilpasse dette tema til alle aldersgrupper.

### **Innhald**

Fjellet og utmarka sin historie – t.d innvandring rein, menneskje

Leveområde til rein og andre dyr i fjellet og utmarka - arealbruk

Naturmangfald og økologi

Menneskje sin bruk av areal, kulturlandskapet, beitedyr

Verneområdar – nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, biotopvern

Forvaltning av natur – kven bestemmer? Konsekvensar for menneskje?

Konflikt – kamp mellom den enkelte brukar?

### **Korleis**

Fag – spenning – avkobling = krydder og supplement til undervisning i skulen

Begeistring og dialog: spørsmål, dilemma, fortljingar, rollespel.

Her er det viktig at elevane sjølv får komme på banen og ta sine egne diskusjonar, som passar for alderen. Rollespel kan og brukast her tilpassa alder og gruppe.

Quiz: Utarbeide ulike quiz for å oppsummere tema. Kan lage konkurranse ut av dette.

Sanseløype: utvikle opplegg med element der ein kan ta på, smake på, lukte på, lytte til. Gjenstandar som t.d. bein, reinskjøt, reinsskinn, lav, vier

Naturstig: Utarbeide sett med naturstig som skulane kan låne og bruke når dei er ute på eigenhand. Vidareutvikle innhald i den etablerte naturstigen på fjellmuseet, "Rådyrtrakket".

### **Lokalitetar**

I hovudutstilling på Norsk Fjellmuseum og i nasjonalparksenter utstillinga.

Naturstig ute i Presthaugen

Sanseløype – inne eller ute

På skulane i klasserom eller ute dersom det er interesse

På skuleopplegg ute i terrenget dersom interesse

### **Økonomi**

Kostnad:

formidlingsmateriell: 10.000

detaljering: 30.000

reiseutgifter: 10.000

Sum: 50.000.

## **4.3 Tilretteleggingstiltak (T)**

### **4.3.1 Stig frå Slettvikane til Kulå**

Gjennom brukarundersøkinga for Reinheimen 2011 kom det fram nokre konkrete merknader på at stigen frå Slettvikane (Trollstigen LVO) til Kulå (Reinheimen NP) var i dårleg skikk, slik at det er behov for rydding av traseen. Det er behov for ei synfaring for avklare dette, men lokalt SNO er innstilt på å gjennomføre tiltak med rydding viss det er behov for dette.

## **4.4 Tiltak for å bekjempe fremmede arter (F)**

### **4.4.1 VV00002447 Vidareføring av bekjemping av parkslirekne på Gravdehaugen (Romsdalen LVO)**

På Gravdehaugen, like ved ei orkidèeng, er det ein bestand av parkslirekne, ein svartelistart med stor spreingskapasitet. SNO lokalt vart i brev 21.09.09 frå forvaltningsmyndigheita bedne om å ta til på arbeidet med å fjerne denne bestanden. Dette er gjennomført i år, men må følgast opp framover av SNO lokalt.



#### **4.4.2 VV00002446 Reinheimen - Revegetering av grustak Billingen**

##### **Teneste**

Skjåk kommune i samarbeid med SNO.

##### **Føremål**

Nyplanting/treslagsskifte. Føremålet er å plante furu med bruk av fylljord av lokal opprinnelse og etter kvart fjerne Contortaen i grustaket ved Billingen. Prosjektet vart gjennomført i 2008. Det viste seg da at det trengst fleire planter. Det blir derfor søkt om å kunne forsette med prosjektet i 2009.

##### **Omtale**

På slutten av 1970-talet tok Statens vegvesen ut mykje grus på Billingen til bruk under bygging av heilårsvegen til Stryn. Området har aldri blitt revegetert skikkeleg. Det er planta amerikansk Contorta furu på området noko som verkar svært framandt. Tilslaget av plantane er heller ikkje godt. Området ligg tett inntil grensa for Reinheimen nasjonalpark.

Arbeidet har gått over 3 år, men det er framleis behov for oppfølging.

Total kostnad kr. 30.000,-.

##### **Utførande**

SNO i samarbeid med Skjåk Almenning.

#### **4.5 Andre tiltak (A)**

##### **4.5.1 Overåkingsprogram for Reinheimen**

Med fastsetting av bevaringsmål blir det behov for å gjere registreringar med oppfølging av det enkelte bevaringsmål. Dette må inngå som ein del av SNO sitt ordinære arbeid.

##### **4.5.2 Restaurering av steinbuer i fjellet nord for Finndalen**

Tiltaka byggjer på ein rapport frå bygningsrådgevar Håvard Syse (Gudbrandsdalsmusea) etter ei synfaring 16.8.2011 med Trond Stensby (nasjonalparkforvaltar), Gudrun Ramstad (Finndalsprosjektet), Nina Hildre og Mildri Een Eide (OFK) og synfaring (Lauvhalsbu) 5.10.2011, Trond Stensby og Håvard Syse.

Tiltaka må avklarast med Finndalen fjellstyre og Statskog SF, men ein ser i utgangspunktet ikkje hindringar for at tiltaket kan gjennomførast.

Bygningar i fjellet knytt til jakt og fiske er gjerne sett opp av aktive brukarar/ jegerar. Når desse fell frå er vidare bruk avhengig av rekruttering, arv og opplæring i bruk av fjellet. Der buene er i bruk, er det også interesse for å ta vare på, medan der det ikkje er bruk blir det heller ikkje ettersett og gjort naudsynt vedlikehald.

Desse tre buene som er synfare i samband med Finndalsprosjektet vart truleg bygd av to av bygdas menn som brukte mykje tid på jakt og fiske. På døra i Lauvhalsbu er det skrive inn namn og årstal, O.Hjeltar, R. Lemingsen og N. Vang, 1889. Truleg er det desse som har bygd det som nå står att.

Buene er plassert strategisk i høve reinstrekk og jakt, om lag 1-2 timars gange innbyrdes gange og frå seterstulen. Det er sannsynleg at det tidlegare har vore andre former for krypinn som vart “pussa opp” i siste del av 1800-talet når ein tenkjer på kor langt attende det har vore bruk og jakt i fjellet.

Vi finn fleire felles trekk mellom buene. Terrenget er godt utnytta både som ly og skjul, veggane er murt med utgangspunkt i ein jordvoll eller skråning. Alle har dør på gavl-veggen ut frå jordbakken, det er også denne delen av bua som har størst høgde tilgjengeleg for inngang.

Dei er likt organisert med mura eldstad i venstre hjørne for inngangen, delvis mura røykløp gjennom taket, vidare er det mura ei hylle/ nisje på begge veggane inn for inngang og eldstad. Kanskje ei personleg mathylle. Bakveggen utgjer ei kurve/ boge som står mot terrenget bak.

#### Takoppbygging

Ryggjehøbui og Gråhøbui har mønsås av tre, og tak av stein. Det er brukt store heller som spenner frå yttervegg til mønsås. Oppå er det lagt jord og torv og meir stein for å tette mot trekk og slagregn. Dei to andre buene har berre stein i taket, i tillegg til torv og jord for å tette.

Veggane er mura med helling innover for å minske spenn tilstrekkeleg slik at stein kan leggest frå bak- og sideveggar til frontvegg. Fall frå frontvegg og bakover.

#### **Tilstand og tiltak**

##### **Ryggjehøbui**

Murane ber preg av setningar og utett tak. Det er ein del jord som er vaska inn i bakre hjørne, sidesteinar i mura nisjer har ganske kraftig loddavvik, helle over eine nisja er knekt. Ein ser ut fleire stader i taket og ein del steinar har naturleg sidefall inn i bue. Nedre del av muren har ikkje flytta seg nevneverdig. Eldstaden med røykutløp ser også ut ganske bra ut. Ei restaurering må fyrst og fremst ta for seg taket, men ein kan også vurdere å ta ned sidemurane til høgde over nisjer (litt under rafthøgde), og i tillegg nødvendig del av gavlane for å koma godt ut att for

takarbeide. Mønsåsen kan ein rekne med å skifte, øksa sidekantar, dels rund overside dimensjon ca 6x7-8” med godt krumma rygg. Takheller reises frå veggane og inn på mønsås, før ein legg på fleire heller og torv til det blir tett. Taket må flukte med terrenget i bakkant slik det har gjort. Reinske for jord innvendig, heller som golv og benker.

Ny dørkarm, settes inn slik at døra går lett, kan også finpusse terreng utanfor dør om nødvendig.

Anslag på tidsbruk, to personar i ei veke + material og transport: Kostnad kr 40.000,-

### **Gråhøbui**

Er bygd inn i ein liten grusrande, taket ligg noko høgare enn terrenget rundt men er avrunda ut til sidene. Bua ber preg av ganske jamn bruk og er dertil reparert. Tetting rundt dør med skum, platon på taket, røykutløpet er forbedra med mura pipe som stikk over tak om lag 0,5m.

Takoppbygging med mønsås av rundstokk, heller er lagt frå vegg og inn på ås, nye heller ligg over både på tvers og langs. Truleg fylt holrom med torv, jord og mose før platon er lagt på og igjen overdekt med stein og torv.

Nødvendige tiltak

Utbetring av råteskader i dørstokk.

Overdekning av synleg Platon med meir torv og stein. Elles vil sola gjere plasten sprø og det blir snart lekkasjer.

### **Lauvhalsbui**

Er også bygd inn i ein grusrande, men ligg noko lågare i høve bakanforliggende terreng. Det kan vere snø eller jordtrykk som øver press mot tak og bakmuren. Frontvegg og sidevegg ved eldstad står vinkelrett, medan vegg i mellom er mura i bogeform. Veggane er mura utover mot frontveggen til avstanden var passeleg for takstein. Takstein er lagt frå vegg og ut på frontveggen.

Forma minner om ein iglo. Den sterke hellinga framover er truleg med på å gjera motstanden mot jord- og snøtrykk svakare, noko som også viser seg ved at muren er på tur ytterlegare inn med dels sprikande fuger på innsida.

Ei opprusting og ei sikring for framtidig bruk medfører at ein må grave frå bak og på sidene slik at ein får tilgang til murane ned til om lag 0,5m over golvnivå. Murane mures opp att med utgangspunkt i attståande del (grunnflate) med godt forband og gode band til ei ordna bakfylling. Bakfyllinga skal drenere vatn og fordele vekt bakover. Bakre del av taket bør flukte med terrenget slik at det ikkje legg seg mengder med snø på eitt punkt der muren er svakast. Reparasjon/ utskifting av dør og karm.

Anslag på tidsbruk, to personar i ei veke + material og transport: Kostnad kr 70.000,-

### 4.5.3 Sanitæranlegg ved Billingen

Ved Billingen i Skjåk kommune er det etablert infopunkt for Reinheimen NP, Breheimen NP og Honnsrøve NR. I tillegg startar det ei naturstig (i regi av Skjåkprosjektet) same staden.

Stor trafikk ved Billingen fører med seg en god del søppel og ekskrement frå folk. Dette gir eit lite hyggeleg bilde av området. Skjåk kommune har motteke fleire klager når det gjeld søppel og sanitærforhold i området. Problemet har oppstått etter opprettinga av Billingen som infopunkt. I sommar vart det sett opp ein søppelcontainer som ein midlertidig løysing. Vi ynskjer å etablere ein meir permanent løysing med etablering, ettersyn og vedlikehald av toalett og søppelcontainer.



Døme på toalettbygg

Det trengs midlar til to ulike typar kostnader:

- Investeringsmidlar til etablering av toalett og søppelcontainer
- Driftsmidlar til å dekkje ettersyn, vask, tømning og vedlikehald årlig

#### Budsjett:

Naturtoalett - Tømmertoalett	Antall	Sats	Kr + mva
Innkjøp (pris frå Danfo A/S)	1	85540	85540
Transport	1	7500	7500
Arbeid - sette opp (50 t)	50	350	17500
Graving - senke ned tank (7,5 t)	7,5	1000	7500

<b>Sum</b>			<b>118040</b>
------------	--	--	---------------

<b>Toalett - drift og vedlikehold</b>	<b>Antall</b>	<b>Sats</b>	<b>Kr + mva</b>
Rengjøring/ettersyn 2x pr veke i 16 veker (sommer)	32	350	11200
Tømming av septiktank (2x pr år)	2	3000	6000
<b>Sum</b>			<b>17200</b>

<b>Søppelcontainer</b>	<b>Antall</b>	<b>Sats</b>	<b>Kr + mva</b>
Tømming - 20x pr år x 250 kr pr gang	20	250	5000
Kjøp av container (600L)	1	1680	1680
<b>Sum</b>			<b>6680</b>

Sum kostnader for heile prosjektet: kr 177 400,-  
 (kr 150.000,- er investeringskostnadar medan kr 27000,- er årlege driftsutgifter)

## 5 Prioriteringar nye tiltak

Forslaget som gjeld formidling ved Norsk Fjellmuseum – Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter ser ut til å ligge nær opp til kva som er alminneleg aktivitet ved eit museum, og fell såleis utanfor kriteria som er sett for tildeling av tilskott over bestillingsdialogen. I tillegg kjem at DN har eigna informasjonsmidlar til bruk i nasjonalparksentra.

For forslaget som gjeld oppføring av sanitæranlegg ved Billingen må ein leggje til grunn at dette også er nyttig for Statens Vegvesen. Det bør derfor vera ei todeling av investeringskostnaden. Tilsyn og drift bør løysast gjennom eksisterande oppsynsordningar.

For forslaget som gjeld restaurering av steinbuer i Finndalen legg ein til grunn at ein tek eit objekt i året og startar opp med Lauvhalsbue.

Når det gjeld biologiske skjøtselstiltak i Romsdalen har fylkesmannen i Møre og Romsdal etablert avtale med grunneigar om godtgjering for skjøtselstiltak som må vidareførast i bestillingsdialogen for Reinheimen.

Etter sentrale føringar som ligg for bruk av skjøtels- og tiltaksmidlar, forholda i verneområdet, og behovet for spreie aktiviteten nok er det sett opp følgjande prioritering for nye prosjekt. Igangsette prosjekt blir søkt overført på vanleg måte.

Tiltaka blir gjeve ei unik prioritering.

### 5.1 A-skjema

Kategori	Verneområde	Prioritering	Tiltak
Andre tiltak	VV00002446 Reinheimen+LVO;	1	Registreringa av villreinen sin arealbruk
	VV00002447 Reinheimen+LVO;	2	Registrering av andre artar

### 5.2 B-skjema

Kategori	Verneområde	Prioritering	Tiltak
Framande artar	VV00002447 Romsdalen	1	Vidareføring av bekjemping av parkslirekne ved Gravdehaugen.
Framande artar	VV00002446 Reinheimen	2	Fjerning av contortafuru ved Billingen.
Andre tiltak	VV00002446 + LVO	3	Tilsyn / vedlikehald av etablerte informasjonspunkt etter oppsett liste.

<b>Skjøtsel</b>	VV00002447 Romsdalen	4	Skjøtsel i Romsdalen landskapsvernområde etter godkjend skjøtelsplan.
<b>Skjøtsel</b>	VV00002442 Finndalen	6	Skjøtsel i Finndalen landskapsvernområde etter godkjend skjøtelsplan.
<b>Andre tiltak</b>	VV00002446 Reinheimen	7	Forsøk med målstyrt forvaltning Billingen, etablert fleirårig prosjekt.
<b>Informasjonstiltak</b>	VV00002445 Trollstigen	8	Nyoppsetting av informasjonstavler.
<b>Andre tiltak</b>	VV00002446 Reinheimen	9	Rydding av søppel m.m. ved informasjonspunkt på Billingen.
<b>Tilrettelegging</b>	VV00002445	10	Rydding av vegetasjon langs stigtraseen mellom Slettvikane og Kulå.

### 5.3 C-skjema

Kategori	Verneområde	Tiltak	Prioritering	Beløp (kr)
<b>Biologisk skjøtsel</b>	VV00002447 Romsdalen	Slått og rydding ved Gravdehaug	1	10.000
<b>Biologisk skjøtsel</b>	VV00002447 Romsdalen; VV00002442 Finndalen.	Innkjøp av flyttbart elektrisk gjerde med solcellepanel	2	30.000
<b>Andre tiltak</b>	VV00002446 Reinheimen	Restaurering av Lauvhalsbue	3	70.000
<b>Tilrettelegging</b>	VV00002446	Sanitæranlegg ved Billingen	4	60.000
<b>Framande artar</b>			5	30.000
<b>Sum nye tiltak 2012</b>				<b>200000</b>

## 6 Reinheimen - bestillingsdialogen 2012 - søknad om overføring av restmidlar etter fullførte tiltak

Jf. kap.3, så viser oppsettet i tabellane nedanfor at det blir søkt om overføring av kr 354.000,- til fullføring av prosjekt i 2012.

<b>Verneområde ID</b>	<b>VV00002446 Reinheimen nasjonalpark</b>
<b>Tiltak</b>	Reinheimen – Informasjonsportal for Reinheimen på Dønfoss i Skjåk – innfallsport til nasjonalparken
<b>Status</b>	Arbeidet med prosjektet er godt i gang ved Norsk Fjellmuseum Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter og med hjelpa av konsulentfirmaet Xpology AS. Løyvinga er del av større finansieringspakka, og vil bli utløyst når framdrifta i prosjektet tilseier det. Restbeløp <b>kr 100.000,-</b> blir søkt overført til 2012.

<b>Verneområde ID</b>	<b>VV00002442 Finndalen landskapsvernområde</b>
<b>Tiltak</b>	Naturstig Finndalen
<b>Status</b>	Det står att å sette opp informasjonstavler på stigen til Klympen og tilrettelegg naturstigen Vangsrunda.  Beløpet <b>kr. 81.000,-</b> blir søkt overført til 2012.

<b>Verneområde ID</b>	<b>VV00002446;VV00002445;VV00002448;</b>
<b>Tiltak</b>	Informasjonstiltak Norddal
<b>Status</b>	Informasjonstiltaka er gjennomført. Restbeløpet kan nyttast til skjøtselstiltak i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde. Det skal gjennomførast ei biologisk nykartlegging her i 2012. Dette vil gje grunnlag for utarbeiding av skjøtelsplan og gjennomføring av skjøtselstiltak.  Beløpet <b>kr 22.675,-</b> blir søkt overført til 2012.



<b>Verneområde ID</b>	VV00002445 <b>Romsdalen landskapsvernområdet</b>
<b>Tiltak</b>	Informasjonstiltak Rauma
<b>Status</b>	Informasjonstiltaka er gjennomført i 2011 som planlagd. Det står att ei beløp på kr. <b>89.280</b> . Midlane som blir til overs etter at alle prosjekta i tabellen er ferdigstilte er tenkt brukt til å få utforma eit enkelt kart i stor målestokk over Stigrøra og dei merka stigane i området, eventuelt med informasjon om historikk, geologi og anna aktuelt stoff til bruk for turistar og andre som er på tur i området. *

<b>Verneområde ID</b>	VV00002446 <b>Reinheimen</b>
<b>Tiltak</b>	Informasjonstiltak på Lesja
<b>Status</b>	Informasjonstiltaka ved Fauttjønn, Nyseter og Asbjørnsdalen er no fullført. Det står att ei restbløp på <b>ca 30.000</b> . Dette blir søkt overført til 2012 for bruk til informasjon om kulturlandskap og naturverdiar ved sætrene i Lordalen landskapsvernområde.

<b>Verneområde ID</b>	VV00002446
<b>Tiltak</b>	Mindre beløp overført frå tidlegare år
<b>Status</b>	Informasjonstiltaka er gjennomført i 2011 som planlagd. Det står att ei beløp på <b>kr. 29.258,-</b> . Det blir derfor søkt om overføringa av beløp til bruk på informasjonstiltak i Romsdalen landskapsvernområde med særleg fokus på kulturlandskapet.

## Vedlegg

### 1. Rekneskapsutskrift ufordelte tiltaksmidler

Kontoart		Ansvar		Funksjon		Prosjekt		Regnskap
10500	Annen lønn	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1128	Ufordelte tiltaksmidler	-17100
10990	Arbeidsgiveravgift	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1128	Ufordelte tiltaksmidler	-1094
11400	Annonser/reklame/info	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1128	Ufordelte tiltaksmidler	-15600
13000	Kjøp av tenester	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1128	Ufordelte tiltaksmidler	-4400
	Kjøp av tenester							-2000
14290	Utgiftsføring mva drift	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1128	Ufordelte tiltaksmidler	-5000
17000	Statstilskudd	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1128	Ufordelte tiltaksmidler	40000
17290	Refusjon mva drift	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1128	Ufordelte tiltaksmidler	5000
								-194

## 2. Rekneskapsutskrift Naturstig Finndalen

Kontoart		Ansvar		Funksjon		Prosjekt		Regnskap
10500	Annen lønn	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1127	Natursti Finndalen	-16740
10990	Arbeidsgiveravgift	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1127	Natursti Finndalen	-1071
11202	Andre utgifter III	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1127	Natursti Finndalen	-34954
11400	Annonser/reklame/info	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1127	Natursti Finndalen	-11341
11600	Reise,diett	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1127	Natursti Finndalen	-404
13000	Kjøp av tenester	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1127	Natursti Finndalen	-4350
14290	Utgiftsføring mva drift	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1127	Natursti Finndalen	-12661
17000	Statstilskudd	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1127	Natursti Finndalen	93000
17290	Refusjon mva drift	478	Reinheimen - forvaltning	360	Naturforvaltning og friluftsliv	1127	Natursti Finndalen	12661
								24140

### 3. Rapportering for gjennomførte tiltak i Norddal kommune 2010/2011

<b>Tildelte midlar for 2010:</b>
kr. 50.000,- til etablering av informasjonstavler på Øvstestølen
kr. 50.000,- til etablering av informasjonstavler i Muldalsvika
kr. 50.000,- til etablering av informasjonstavler ved Gudbrandsjuvet
<b>Informasjonstavle Øvstestølen</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Tiltak: Informasjonstavle for Reinheimen nasjonalpark og Øvstestølen</li><li>▪ Plassering: Langs innkøyringa til parkeringsplassen ved Øvstestølen</li><li>▪ Skildring av tiltaket: Begge dei offisielle plakatane for Reinheimen er satt opp, saman med ein plakat som beskriv området kring Øvstestølen. Biletbruken er tilpassa det aktuelle nærområdet. Dei tre plakatane er montert på kvar sin bautastein.</li></ul>
<b>Informasjonstavle Muldalsvika</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Tiltak: Informasjonstavle for Reinheimen nasjonalpark og Muldalsvika</li><li>▪ Plassering: Lengst inn på parkeringsplassen i Muldalsvika, parallelt med vegen</li><li>▪ Skildring av tiltaket: Begge dei offisielle plakatane for Reinheimen er satt opp, saman med ein plakat som beskriv området kring Muldalsvika. Bileta på plakaten er tilpassa det aktuelle området i Muldalsvika. Dei tre plakatane er montert på kvar sin bautastein.</li></ul>
<b>Informasjonstavle Gudbrandsjuvet</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Tiltak: Informasjonstavle for Reinheimen og Gudbrandsjuvet</li><li>▪ Plassering: Ved Gudbrandsjuvet</li><li>▪ Skildring av tiltaket: Her har ein samarbeida med Statens vegvesen/Nasjonale Turistvegar og Norddal kommune si kulturavdeling for å lage eit heilskapeleg og samla informasjonspunkt. Det er satt opp ein plakaten for Reinheimen der ein har teke med den mest sentrale informasjonen frå den offisielle nasjonalparkplakaten. Kartet for Reinheimen syner Trollstigen landskapsvernområde, samt den delen av nasjonalparken som ligg nærast Gudbrandsjuvet.</li></ul>

<b>Informasjonstavle Slettvikane</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Tiltak: Informasjonstavle for Reinheimen og Trollstigen landskapsvernområde</li> <li>▪ Plassering: På parkeringsplassen ved Slettvikane, Trollstigen landskapsvernområde</li> <li>▪ Skildring av tiltaket: Her har det allereie vorte satt opp skilt for Reinheimen nasjonalpark, samt kart over området, men det står att å trykkje opp og montere ei eiga tavle for Trollstigen landskapsvernområde</li> </ul>
<b>Samla rekneskap for gjennomførte tiltak Norddal i 2010/2011</b>
Prisane er utan mva. Det er vanskeleg å splitte opp mange av fakturane da kvar faktura ofte omfattar fleire område.
2010
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Astor Furset – tekst og foto kr 7.000,-</li> <li>▪ Vegard Løddøen – bilder kr 7.000,-</li> <li>▪ Vegard Løddøen – bilder kr 2.000,-</li> <li>▪ Lesja kommune – grafisk tilrettelegging kr 675,-</li> </ul>
2011
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Språksmia – korrektur/omsetjing mv kr 10.162,50</li> <li>▪ Lesja kommune – trykking kr 15.660,-</li> <li>▪ Vegard Løddøen – bilder kr 2.000,-</li> <li>▪ Arkeoplan – print, montering og transport kr 15.687,50</li> <li>▪ Gjerde Maskin – oppsetting av infotavler kr 67.200,-</li> </ul>
<b>Samla SUM 2010/2011 kr 127.325,-</b>
<b>Løyvd informasjonstiltak Norddal kr 150.000,-</b>
<b>Rest informasjonstiltak Norddal kr 22.675,-</b>

#### 4. Gjennomførte informasjonstiltak i Rauma 2011

Rauma kommune fekk i på vårparten 2011 overført ubrukte midlar frå bestillingsdialogen 2010 for tiltak i Romsdalen Ivo. Tabellen under er ei utvida utgåve av brev om overføring frå i fjor, og viser korleis utføringa er blitt i forhold til estimatet. Tiltak merka med små nummer er ikkje fullførte enda. Merknadar til dette kan finnast under tabellen.

<b>Tiltak</b>	<b>Estimert behov 2011</b>	<b>Utført så langt 2011</b>
2 stk store informasjonstavler på Stigrøra i samarbeid med Nasjonal Turistveg	31 000,-	1700,- <sup>1</sup>
Design og produksjon av små informasjonstavler i Kløvstigen	38 700,-	27 790,- <sup>2</sup>
Bru over Bispeelva (Godkjent av forvaltningsmyndigheita sept. 2010)	43 000,-	12 226,32
Merking og varding frå Stigrøra til Bispeelva	10 000,-	29 564,- <sup>3</sup>
Skilting frå Stigrøra til Stabbeskardet	7000,-	
Merking og skilting frå Alnesvatnet til Mannen	8600,-	
Merking og skilting frå Alnesreset til Skarfjellenden etter gamal kløvsti	14 600,-	
Administrasjon tiltak	18 000,-	18 000,-
<b>170 900,-</b>		<b>89280,32</b>

<sup>1</sup>. På grunn av framdrifta på anlegget på Stigrøra er det foreløpig berre utført noko arbeid med tilrettelegging av kart til plakatane på denne posten. Anlegget skal ferdigstillast i juni 2012, og vi reknar derfor med å få også dette ferdig til da.

<sup>2</sup>. Tavlene er ferdigstilte, kun kostnader på trykking står att.

<sup>3</sup>. Manglar kostnader for produksjon av treskilt..

## 5. Gjennomførte informasjonstiltak i Lesja

Førebels rapport.

	<b>Fauttjønn</b>	<b>Nyseter</b>	<b>Rånå</b>
Tildelt	90.000,-	155.000,-	25.000,-
Forbrukt tom 2010	44.939,-	57.585,-	0
Rest pr. 31.12.2010	45.061,-	97.414,-	25.000,-
<b>Påløpte utgifter 2011</b>			
Bilder til plakat	-	1.000,-	-
Diverse arbeid + maskiner	54.562,-	-	-
Trykking av plakat januar 2010	5.220,- (2 stk)	5.220,- (2 stk)	-
Klargjøring for trykk av plakat	-	4.938,-	-
Ferdigstilling av arbeid	4.659,- (div) 11.446,- (tretak).	-	-
Trykking av plakat	-	-	6.000,- (2 stk)
<b>Rest til nå: 10. okt -11</b>	<b>-30.826,-</b>	<b>86.256,-</b>	<b>19.000,-</b>
<b>Manglende tiltak og forventede ca utgifter</b>			
Oppsett av stein med metalltavle på.	-	5.000,- (?)	-
Oppsett av tretavle	-	5.000,- (?)	Under utførelse nå: ➤ Tretavle ➤ Gravemaskin ➤ Grus ➤ Arbeid 15.000,- (?)
i-skilt på informasjonsbu.	1.500,-	-	-

**Utvikling av kultursti Lordalen.	-	20.000,- (?)	-
**Restaurering av bu ved Saustad Lordalen.	-	30.000,- (?)	-
<b>Sum</b>	<b>-32.326,-</b>	<b>26.256,-</b>	<b>4.000,-</b>